



Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Rogaland
sfropost@statsforvalteren.no

26.03.2025

KLAGE – LØYVE UTSETTING UTANLANDSK TRESLAG EIGERSUND – GNR/BNR 39/10 - LERK

Vi viser til sak 2024/13839, vedtaksdato 05.03.2025.

Klagarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket er feil, og at det ikkje kan gjevast løyve til å plante ut lerk. Vedtaket har såpass store manglar at vi meiner vedtaket er ugyldig.

Kunnskapsgrunnlaget

Det er vesentleg å kunnskap om området det er søknad om å plante til. Det gjeld spesielt artar og naturtypar.

Det står ikkje noko om at det har vore synfaring i saka, og det er ikkje spor av ei slik synfaring t.d. i form av registreringar på Artskart av observasjonar som er gjort. Vi legg difor til grunn at kunnskapen om området skriv seg frå skriftlege kjelder.

Statsforvaltaren seier han har bruka Artskart. Artskart er i utgangspunktet ein tom database som først får nytteverdi når nokon har vore ute i naturen og deretter registrert det som er sett. Å bruke Artskart går ut på å vurdere om det er kartlagd og lagt inn tilstrekkeleg med registreringar til at biletet ein får av dette samsvarar godt nok med det som er ute i terrenget.

Vi ser ikkje at det er gjort noka slik vurdering.

Naturbase er også ein database som er avhengig av at noko er kartlagd og lagt inn der. Det står i vedtaket at det ikkje er gjort kartlegging med NiN-metoden i området, men at det finst nokre kartleggingar etter HB-13. Det kan vere frå ingenting til glitrande. Så lenge ein ikkje veit noko meir, må ein legge til grunn at det ikkje er kartlagd. «*For området føreligg det ikkje noko avkreftande/verifiserande dokumentasjon*». Dette får støtte i det som står om statusen for


Naturvernforbundet
Mariboës gate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboës gate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no

semi-naturleg eng. Areal som inngår i spreiearealet er kartlagd, resten er det ikkje. Det er resten som i naturmangfaldsamanheng er mest interessant. I saka er dette mellom anna nemnt som trelaust beite og hagemark.

Kunnskapsgrunnlaget er av Statsforvaltar vurdert som moderat, men det må vere feil når det gjeld heilt sentrale moment i saka.



Figur 1 Firkanta rute er avgrensinga for registreringar.

X Nullstill alle filtre

Eigersund, Rogaland .x

Polygon 0,19km² .x

Kategori	Vit. navn	Norsk navn	Artsgruppe	Funndato	Lokalitet	Presisjon	Aktivitet
LC	Motacilla alba	linerle	Fugler	10.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Oenanthe oenanthe	steinskvett	Fugler	13.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus merula	svarttrost	Fugler	25.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus merula	svarttrost	Fugler	20.jun.59	SANDBAKKEN	5000 m	Mulig reproduksjon

LC	Turdus pilaris	gråtrost	Fugler	15.jun.58	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus pilaris	gråtrost	Fugler	22.jun.58	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus pilaris	gråtrost	Fugler	12.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus pilaris	gråtrost	Fugler	20.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus pilaris	gråtrost	Fugler	26.jun.59	SANDBAKKEN	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Sylvia borin	hagesanger	Fugler	10.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Fringilla coelebs	bokfink	Fugler	10.mai.59	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Peltigera canina	bikkjenever	Lav	17.okt.20	Veshovdaveien, Veshovda, Eigersund, Ro	5 m	
VU	Astur gentilis	hønsenhauk	Fugler	17.des.89	KOLDALSBARKENE	5000 m	
NT	Tringa totanus	rødstilk	Fugler	26.mai.68	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Strix aluco	kattugle	Fugler	20.mai.89	VESHOVDA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Motacilla alba	linerle	Fugler	09.jun.63	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Motacilla alba	linerle	Fugler	10.jun.63	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Motacilla alba	linerle	Fugler	01.jun.68	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Oenanthe oenanthe	steinskvett	Fugler	09.jun.63	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Turdus iliacus	rødvingetrost	Fugler	20.mai.89	VESHOVDA	5000 m	Mulig reproduksjon
LC	Phylloscopus trochilus	løvsanger	Fugler	15.jun.62	SKÅRA	5000 m	Mulig reproduksjon
NE	Hebeloma	reddiksopper	Sopper	29.sep.24	Følamyra, Eigersund, Ro	25 m	

Figur 2 Registringar i det aktuelle kartområdet, henta frå Artskart

Kva kunnskap har vi om artane på den aktuelle eigedomen?

Vi legg Artskart til grunn, sjå utsnittet som er bruka i figur 1. Då finn vi:

- 22 registreringar av artar fordelt på 20 fugleregistreringar, 1 registrering av sopp og 1 av lav.
- 5 av registreringane er frå etter 1980.
- Dei fleste fugleregistreringane er så gamle at dei har aukande historisk interesse.
- Fugleregistreringane er registrert med ein radius på 5000 meter
- Ingen av registreringane er dokumentert på gnr. 39/10.
- Næraste registrering av lerk er meir enn 4 km unna.

Eigedomen har altså ikkje eit einaste tre eller ei plante. Den einaste soppen som finst er ein slektsbestemt reddiksopp. Bikkjenever er den einaste laven og mose finst ikkje. Viss ein skal legge Artskart til grunn.

Då kan ein konkludere med at eigedomen anten har eit artsmangfald som i Sahara eller Antarktis, eller så er arealet ikkje kartlagd. Med konklusjon om at arealet ikkje er kartlagd, kan ein ikkje legge til grunn at kunnskapsgrunnlaget er noko anna enn mangelfullt.

Søkjar har kryssa av for at det er prioriterte artar i området. Det er ikkje sikkert at det er rett, men det er ein sakshandsamingsfeil å ikkje undersøke dette.

Om lerk

I løyvet blir det uttalt noko om eigenskapane til lerk på usikkert grunnlag. Gamle tre av sibirlerk som er hogd i Sibir er kjent for å ha mykje kjerneved og vere meir varige enn mykje anna treverk. Men om ein ser hen til litteraturen, jf. [Bergstedt and Lyck 2007](#), og [Luostarinen 2011](#), så kan en ikkje utan vidare anta at sibirlerk dyrka på høgare bonitetar (og gunstigare klimatiske forhold) i Europa har same eigenskapar. Det er i så fall ikkje overraskande, då noko tilsvarande er ganske vanleg erfaring med norske treslag også. Då er det truleg viktigare å vurdere omsøkte areal med omsyn til bonitet. Det kan vere denne staden er både for lågt over havet og for langt sør i landet til at ein kan oppnå ein spesiell kvalitet. Så lenge dette ikkje er dokumentert nærare, bør Statsforvaltaren sjå bort frå dette momentet.

Lerk - spreining


Lerka si evne til å spreie seg veit ein noko om. Lerka set frø nesten kvart år, og har (jf. Framandartslista) stort invasjonspotensial. Nokre av artene (spesielt japanlerk og hybridlerk) som har fått løyve har og stor negativ effekt på naturmangfaldet. Lerka er

lyskrevjande, men god lystilgang oppstår t.d. når areal blir hogd. Lerka veks generelt fortare enn det andre som vil kome opp på slike stader og enkelttre vil dominere i høgde som er utgangspunkt for frøspreiing, og vil difor overta areal etter 3-4 generasjonar.

Resultatet av dette finst det meir dokumentasjon på, t.d. ein [NINA-rapport](#), sjå figur 1.

Vi har ikkje kjennskap til at undersøkinga frå 2005 er følgt opp i seinare tid, men det er gjort meir tilfeldige registreringar som fortel at spreieinga er i «god rute».

Det er elles påvist spreieing til areal mindre enn 200 m frå opphavleg plantestad.



Figur 3 Dokumentert og modellert spreieing frå eitt enkelt felt med europalerk på Tingvoll, Møre og Romsdal

Når det gjeld evne til frøspreiing meiner vi det er ein del manglar i kunnskapen. Det er t.d. lagt vekt på at sibirlerk har tungt for å spreie seg, noko som ikkje verker å vere i samsvar med [informasjonen om arten i Framandartslista](#), der arten omtalast å ha stort invasjonspotensial. Men ein kan merke seg at eit bestand på Hjerkinsn spreier seg, om ikkje så fort, 1000 moh kan ein ikkje vente noko meir. Hybridlerk på Smøla frøar seg på grøfta myr. Ikkje fort, gjerne som følgje av at dei trea som blei planta i området i si tid har bruka litt tid på å bli store nok til å setje kongler.

Elles lir ein under at dei ulike artane og kryssingane ikkje er så enkle å skilje frå kvarandre. Det vil ofte føre til at observasjonen som leggst inn på Artskart blir på slekt og ikkje art. Dermed får ein ikkje fram realitetane på same måten når ein vil ta ut statistikk osv.

Ein bør legge til grunn at lerk, alle artar og kryssingar, spreier seg i betydeleg avstand, mengde og fart. T.d. til kystlynghei i området. Spreieingsevna er etter vår meining undervurdert i denne saka. Spreieinga skjer til areal som er for langt unna til at søkjar får ansvar for å fjerne det, og for dyrt til at nokon andre vil ta ansvar. Det siste er jo eigentleg omtala i naturmangfaldlova § 11 om kostnader som skal påleggast ureinar.

I vedtaket blir det hevda at utplanting av enno eit framandt treslag i området vil ha lite å seie. For oss er dette i tråd med tilsvarende vedtak i forvaltninga om framande treslag, der prinsippet om samla belastning (§ 10 i naturmangfaldlova) i alt for liten grad vektleggast i vurderingane sett frå eit biologisk synspunkt. Konklusjonen er vel at dette vil ha lite å seie i den tida aktuelle forvaltningar har ansvar for dette. Etterpå ser det nok verre ut, men då er det andre som sitt igjen med problemet.

Det går fram av søknaden at det er for mykje vind til at ein vil plante sitkagran. Å velje lerk i staden, der det ikkje er lerk i fleire kilometer omkrins, blir heilt feil.

Variert natur og naturmangfald – ikkje det same

I avsnittet «*Andre samfunnsinteresser*» finn ein utsegna «*I eit mykje brukt friluftsområde vil etablert lerkeskog med innslag av eik vere positivt, og bidra til å skape eit meir variert skogbilete.*»

Samfunnet si interesse er i følgje Naturavtala å verne ein god slump av det vi har og restaurere areal vi tidlegare har stelt dårleg med. Innan 2030. Det blir då feil å meine at utplanting av ei rekkje framande treslag gir større variasjon i naturen, og at det er ein kvalitet ein skal søke. Naturmangfald er noko anna enn variasjon.

Strøet ein får i ein lerkeskog er elles ikkje positivt for artsmangfaldet.

Karbonbinding

Karbonbinding blir i vedtaket kopla med volumproduksjon. Vi vil gjere merksam på at karbonrekneskap ser forskjellig ut avhengig av tidspunktet ein nyttar for utrekningane. Viss ein startar reknestykket året før hogst, ser dette heilt annleis ut enn om utrekninga startar året etter hogst. Elles er det svært mykje som tyder på at volumet i stokken eigentleg berre er ein tidel av dette reknestykket. Mesteparten er knytt til jordsmonnet, og det blir stort sett negativt påverka av å bruke utanlandske treslag.

Krav om utsett iverksetting

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes

Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Einar Wilhelmsen

Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo

Seniorrådgivar naturmangfald, WWF Verdens naturfond